



Bergen og Omland Friluftsråd
Hellebakken 45
5039 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/6355 - 21/53719

Saksbehandlar:
Trygve Solberg
trygve.solberg@alver.kommune.no

Dato:
13.08.2021

Ferdigattest for tiltak i friluftsområde - gbnr 443/99 Toska

Administrativt vedtak: Saknr: 857/21
Tiltakshavar: Bergen og Omland Friluftsråd
Ansvarleg søkjar: Bergen og Omland Friluftsråd
Søknadstype: Søknad om ferdigattest

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10 vert det gjeve ferdigattest for gapahuk, platting og flytebryggje på gbnr 443/99.

Tiltaka må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 20.09.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad med fotodokumentasjon motteken 06.07.2021.

Skildring

Adresse:	Uttoska friluftsområde
Bygningstiltak:	Gapahuk, platting og flytebryggje
Bruksareal:	Ca 46m ² (landgang, bryggje og fortøyningsbom)

Regeleverk

- Krav om sluttkontroll og ferdigattest følgjer av plan- og bygningslova (pbl) § 21-10.

- Viss du skal endre bruken av bygningen krev dette søknad, jf. pbl § 20-1 bokstav d).

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/6355

Med vennleg helsing
Alver kommune

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Trygve Solberg
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap	Hellebakken 45 5039	BERGEN
Bergen og Omland Friluftsråd Kommunalt Oppgavefelleskap	Hellebakken 45 5039	BERGEN